



16 minutter med eit ålvorleg bodskap er resultatet av innsatsen til filmgruppa.

Filmgruppa i Hobbyklubben på bedehuset, leia av Ronny Lakselv, har jobba bra i vinter. Resultatet er 16 minutter med ein ålvorleg bodskap, som vart presentert ved sesong-avslutninga måndag kveld. "Mobbeofferet" bør gjerne visast andre stader.

Gruppemedlemmene valde tema sjølve og Tove Lill Lakselv skreiv manuskriptet. Dei ønskte og at filmen skulle enda med sjølv-mord. Akkurat det har film-makarane lete stå ope, men filmen endar med klåre statistiske påminningar, mellom anna at 15 unge mellom 10 og 19 år kvart år tek sjølv-mord her i landet.

Kva så med handlinga i filmen? Han startar med ein bekymra samtale under frokosten heime hos familien Moen på Ljosnes. Her har det diverre vore tekniske problem med lyden under opptaka, men ikkje verre enn at det er mogeleg å få med seg kva som blir sagt. Mobbeofferet Ann Lisbeth (12) har ikkje matlyst og det er klart at noko er gale, men kva?



- og etterpå var det premiefest...
(Foto: Ola Matti Mathisen)



- Godt jobba, Ronny! Tore Mathiesen hadde fortente blomar til filmgruppeleiareren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Så køyrer klassa med veteranbussen frå 1960-talet og Lars Wang ved rattet til skulen og undervegs blir Ann Lisbeth ille behandla av klassekameratane. Ho blir dynka med vatn. Etter skuledagen søkjer ho tilflukt på toalettet, der ho spør: Kvifor meg, kvifor alltid meg, kan dei ikkje ta nokon andre? Så drøymmer ho om å ta att med dei før no sniker seg ut i mørkret og vandrar mot fjorden.....



Og her er heile hobbyklubben i 2007/2008-sesongen! (Foto: Jon Harald Kjærland)

Som eit passende bakteppe ligg Bjørn Eidsvågs song, der han syng at "det var ikkje sånn det skulle vera, det var ikkje sånn det skulle bli...."

Ronny Lakselv fekk velfortente blomar av Hobbyklubb-leiar Tore Mathiesen på bedehuset. Filmjobben er gjort under fem-seks klubbkveldar og med nokre ekstra-opptak på dagtid.

– Vi har lært mykje undervegs, ikkje minst at det tek tid å laga film og at det slett ikkje er lett å presentera heile den verkelege historia, seier Ronny.

Etter framsyninga, der både representantar for soknerådet og soknepresten var til stades, var det ein skikkeleg premiefest med rikeleg bevertning og utdeling av Hobbyklubb-gensar og lue.

Og i neste sesong tek kanskje filmgruppa til med eit anna filmprosjekt? Det er ingen tvil om at premiereproduktet bør inspirera til ny innsats.

Uskedalen har mange ressurs-personar. Ein av dei er Ronny Lakselv.

Av Ola Matti Mathisen



Ronny Lakselv og medlemmene i filmgruppa. (Foto: Ola Matti Mathisen)